**Fyresdal kommune**

| | |
|---|---|
| Arkiv: | 210 |
| Saksmappe: | 2025/768-6 |
| Saksbeh.: | Kjersti Bergland |
| Dato: | 15.10.2025 |

**Saksframlegg**

# Økonomirapportering pr. 1. september 2025

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---|---|---|
| Formannskapet | | |
| Kommunestyret | | |

**Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret**

**Vedlegg:**

1 Økonomirapportar til hovudutvala frå kvar sektor
2 Finansrapport pr. 31.08.2025

**Bakgrunn for saka:**
I fylgje økonomireglementet skal kommunestyret ha rapport om den økonomiske stoda pr. 1 mai og 1. september. Finansrapport fylgjer også som vedlegg her slik det går fram av finansreglementet. I tillegg er det vedlagt alle rapportane frå kvar sektor.

**Vurdering:**
*Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet.*

Sektorane har utfordringar med å halde rammene sine. Gjennom året har vi hatt tett oppfylging av økonomien i kvar sektor, gjennom møte med alle avdelingsleiarar i kvar sektor og heile leiargruppa. Dette har vore både nyttig og lærerikt for alle og har vore nyttig i forståelsen av å nytte den økonomiske ramma på best mogleg måte for tenestene som skal leverast. Men når ein skal tilpasse drifta til behov har dette synt seg vanskelegare i praksis enn i teorien. Ein vil difor halde fram med tett oppfylging og ein vil vurdere å endre noko på rammene i budsjettarbeidet for 2026.
For meir detaljer om dei ulike sektorane viser ein til økonomirapportane til hovudutvala som fylgjer vedlagt.

Pensjonskostnadene ligg i år ein del lågare enn fjoråret og vil kompensere for noko av overforbruket i kvar sektor. Kor mykje dette utgjer er ennå noko uklart men foreløpige prognoser viser mellom 8 og 10 millionar mindre enn fjoråret.

Lønsoppgjøret for 2025 er nå ferdig og ligg innanfor den avsette ramma på to millionar som er avsett i budsjettet. Rammene for den enkelte sektor vert tilført sin andel av potten.

Kommunedirektørens investeringspott på to millionar kroner vart delvis bruka i justeringa pr. 1 mai og resten vert fordela nå. Den er nå prioritera å styrke IT-utstyr i skulen, kostnader med flytting av kontora for heimesjukepleie tilbake til POS, nytt låsesystem på medisinrom på POS,

montering av el-billaderar på kommunale bustader, ny kompressor i symjehallen og utkjøp av to kommunale bilar etter at leasingavtalene på desse har utløpsdato i år.

Skatteinntekter har hatt ein sterkare vekst enn forventa i år på landsbasis, også i Fyresdal. Så langt ser det ut til å gje 4 millionar i meirinntekter.

Konsesjonskraftsal har i år vore bra, også fjorårets oppgjør vart betre enn forventa og dette utgjer tilsaman 7 millionar i meirinntekter i år. Dette er inntekter som bør tilbakeførast til fond eller brukast til investeringar og ikkje tilførast driftsbudsjetta til dei enkelte sektorar då det er usikre inntekter i åra framover.

Konsesjonsavgifter vil også bli noko over budsjett då ein har fått eit nytt objekt som skal betale konsesjonsavgift etter vedtak i NVE. Slik ein forstår dette vedtaket vil det bli etterbetaling tilbake til når anlegget vart sett i verk i 2013. Noko som kan gje ei ekstrainntekt i år på om lag 600 000,- I tillegg viser det seg at konsesjonsavgiftene er for lågt budsjettera i utgangspunktet så ein kan justere for 1. 8 millionar totalt.. Desse inntektene kan ikkje brukast i drift men skal overførast til investeringar.

Næringsfondet har i år vore mykje bruka og treng ytterlegare påfyll for å ha midlar til søknader også på slutten av året. Dette er mogleg i år med ekstrainntekter frå kraft.

**Konklusjon:**
Dei enkelte sektorar har utfordringar med å halde sine tildela rammer men har likevel tru på at ein vil kome i mål, bortsett frå sektor kultur og oppvekst der skulen har eit overforbruk som det kan vere vanskeleg å dekke innanfor eigen sektor. Dette skuldast omstillingsarbeidet som er godt i gang i den avdelinga.
Skatt- og kraftinntekter ligg langt over budsjett slik at rekneskapen totalt sett ligg godt ann til å få eit overskot og ein kan styrke disposisjonsfondet slik at det kjem tilbake til eit nivå ein bør vere på.

**Innstilling frå kommunedirektøren:**

Kommunestyret tek den økonomiske stoda pr 1. september til vitande og justerer ramme for sektorane slik:

| **Sektor** | **Utgift** | **Inntekt** | **Kommentar** |
|---|---:|---:|---|
| Økonomi og Stab | -1 800 000 | | Fordeling lønsoppgør |
| Helse og omsorg | 800 000 | | Fordeling lønsoppgjør |
| Oppvekst og kultur | 800 000 | | Fordeling lønsoppgjør |
| Plan og teknikk | 200 000 | | Fordeling lønsoppgjør |
| Økonomi og stab | -300 000 | | Lønsmidlar til prosjektstilling |
| Plan og teknikk | 300 000 | | Lønsmidlar til prosjektstilling |
| Plan og teknikk | 516 480 | 516 480 | Bruk av tilskotsfond |
| Helse og omsorg | 125 000 | 125 000 | Bruk av kom. Dir. investeringspott |
| Kultur og oppvekst | 125 000 | 125 000 | Bruk av kom. Dir. investeringspott |
| Plan og teknikk | 625 000 | 625 000 | Bruk av kom. Dir. investeringspott |
| Finans | 500 000 | 500 000 | Bruk av kom. Dir. investeringspott |
| Finans | 1 000 000 | | Styring av næringsfond |
| Finans | 11 800 000 | | Avsetting til fond |
| Finans | | 7 000 000 | Konsesjonkraftsal |
| Finans | | 1 800 000 | Konsesjonsavgifter |
| Finans | | 4 000 000 | Skatteinntekter |

| | |
|---|---|
| Ulf Pedersen | |
| Kommunedirektør | Kjersti Bergland |
| | økonomi og stabssjef |